



Reigstad Bygg og Eigedom AS  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1760 - 16/16013

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
13.06.2016

## Gbnr 137/28 Alverneset. Løyve til deling i samsvar med reguleringsplan. Parsell 3, areal til bustad.

Eigedom: Gnr.137 bnr.28 Alverneset  
Adresse for eiged.: Isdalstøbakken 81, 5914 Isdalstø  
Type tiltak: Deling av grunneigedom  
Heimelshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS  
Søker: Reigstad Bygg og Eigedom AS

### Saka gjeld:

Søker eig gnr.137 bnr.28. Denne eigedommen er regulert og planen vart godkjend av kommunestyret 17.12.2015. Det vert no søkt om å få dele opp eigedommen i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det er søkt om å dele frå 7 parsellar på til saman 7130m<sup>2</sup>. Det vert gjort separat vedtak for kvar parsell som skal delast frå. Denne søknaden gjeld parsell 3. Arealet som skal delast frå er 750m<sup>2</sup> til bustadføre mål.

### Planstatus/dispensasjonar:

For tiltaket gjeld godkjend reguleringsplan Alverneset. Tiltaket er i samsvar med planen. Dispensasjon er ikkje naudsynt. Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

### Nabovarsel:

Naboane er varsla og det ligg ikkje føre merknad frå nokon av naboane.

### Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Tilkomst er til kommunal veg. Det er offentleg vassforsyning og avløp i området. Tilknyting og tilkomst i samsvar med reguleringsplanen.

### VEDTAK:

Med heimel i Plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommunen løyve til å dele frå parsell 3 med eit areal på om lag 750m<sup>2</sup> frå gbnr 137/28, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad motteke i kommunen 30.05.2016. Kartet er merkt D1. Deling er i samsvar med godkjend plan.

### Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1:

« Eignedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova , forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eignedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av areal til bustad i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eignedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eignedommen gjeve av kommunen med heimle i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

**Gebyr:**

Gebyr er skriven ut i samsvar med gebyrreguleivet til kommunen, og er kravd inn for alle 7 parsellane i samband med løyvet til å dele frå parsell 1 i søknaden.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914  
124

ISDALSTØ